

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Snesfjord

Emne: Lauving.

Bygdelag: Snesfjordbygda

Oppskr. av: Hans Skeidsvole

Gard: Skeidsvole

(adresse): Snesfjord

G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): over 80 år.

## SVAR

A.

Sp. 1. Lauvsanking er no ein saga blott.

Berre ein og annan småbrukaren hev hogd nokre  
kjerer siste mannsalderen.2. Det var helst fyre slätten dei „lœua“ - den tid  
det var rekna med som innhaustringssarbeid.3. „Lœusegd“ (vanleg sterk segd) eller „lœujöim“: kjøe  
(bakenden) av ein gammal lja med måtsamt skaft på  
(Aske og eik veks ikkje villt her) -4. Ja, dei hogde ofta ned store bjørkes „lœyfte“  
never og bork av leggen, og so hogde dei riset  
av greinene med sigden og batt det ihop til kjer.  
Her nava dei ikkje store tre for å ta lauv av  
renningane seinare år.5. Lauvkjerer vart vanleg røyst opp det eine stykk til  
det andre (trava) elles og røyst inn i kjer, ans det  
var skarp sol - og so tekne inn fyre dei vart vát.  
Var ikkje sett i stakk her, men røyst romsleg  
inn i lœa for vidare tørking inne -

6. Frå utslättene vart lauvet til vanleg frakta

heim på same tid som høyet. Elles kunne tereng  
og andre tilhøve vera mange leis.

Lauvdrugnad var ikkje brukt.

7. Ja, dei tok lauv i utmarki og når det ikkje  
var for avbakeleg langt borte. - Det var helst  
karane som brukte bitjarna. Elles var det etter  
som dei var "hendt" til eller som tilhøva kunne vera.

8. Veit ikkje av at laukjerv bruktest lagt under  
høystål, men derimot greiner og småskog. Det  
lauvet som var teke fyre slåttan var tørt og kunne  
leggjast trautt ihop oppå eit kaldt, tørt høystål;  
men laukjerv tekne etter slåttanni avdøgt røyste dei  
inn på ein varleg måte so romsleg at det ikkje  
"brann" (gylna) - viss so vart det ikkje etc.

Det var sau og geit som fekk lauvet til mat -  
to sauer om kjervet i målet var vanleg rekna.  
So kom det no an på kor store og gode kjerva  
var då. Sau og geit fekk til vanleg høy ei pas  
gonger om dag, hine to måla gjekk det mykje  
på eitkvart grå skogen.

9. Roqnelaiv var halde for best. Det "kongla"  
eller "plokka" dei av trei - gjerne på rot, benda ned di små.

10. Orelaiv respa dei til grisfos - med heitt vatten  
og mjøl på om sūmaren. Like eins sunka dei  
tort og blom om sūmaren til gris og kalvar -  
mjølk eller mjøldrikke attåt.

Sp. 11 )  
" 12 ) ukjent.  
" 13 )

## Lauving.

B.

Sp. 1. "Rakalau".

2. Serleg lauv av eusp. Om hausten att på, "lettvind" var det best å rake lauv meddi det då var mykje nedfalle - og tørrvore.

3. Vanleg høyring.

4. I sekstjet.

5. Ja, for det meste.

6. På låven eller liknande om det ikkje var råd å så tørke det ute på mark.

7. Var brukt slik det var til sau og geit.

8. Sjå sp. 2.

9. Sau og geit, ja kyr og likar litt tørt lauv om vinteren og rått lauv om sommaren endå om dei gjeng på godt beite. Om ymse slag lauv ikkje er nok å verta feit av, so verkar det rulleleg som krydde i maten. - Det er no kjend at geiti likar seg best i lauvskogen.

I siste storkrig vart det store dagløn, - so det var vel ingen då som var so smånøydde at dei sanka lauv. - Slikt lønalaust arbeid hev minke bort litt om senn no - dei siste 100 år.